



Bjarte Lending kjem tilbake. Her som solist i fantastisk framføring av O Helga Natt saman med Eirik Nordmann og koret.

Svært mange hugsar nok med glede tilbake til konsertane med gospelkoret Abraham i Kvinnherad i fjor og for to år sidan. Dette året får vi ikkje besøk av koret, men 23. oktober vitjar den dugande musikalske leiaren deira, Bjarte Lending, Uskedal kyrkje. Då skal han ha salmekveld saman sokneprest Lina Håland som også er ein heilt framifrå songar.



Lina Håland har ei nydeleg songstemme. Her er ho solist med koret Abraham under konserten i fjor.

Uskedal sokneråd håpar mange tar turen til kyrkja denne kvelden. Vi tenkjer tilbake på då dei var her og hadde ein hjartevarm julekonsert før jul i fjor. Bjarte Lending viste då at han er usedvanleg dyktig både som dirigent, pianist og songsolist. Og året før var dei og song i ordinasjonen til Lina prest.

No vil Bjarte kome her og ha konsert saman med Lina prest. Dei som har høyrte Bjarte Lending veit at han har ei gudegitt stemme som varmar langt inn i hjarta. Lina har no dei siste åra gjeve oss song i bryllup, gravferd, gudstenester og dåp. Ho var og gjestesongar på Eva Megyesi sin orgelkonsert i Uskedal kyrkje i haust.

Denne kvelden er via til gode og kjente salmar, samt nokre nye. Og sjølvsagt blir det litt gospeltonar. Som vi veit, er Lina prest særst glad i gospel. Her blir det og litt allsang, kor vi får synge med på nokre salmar frå den nye salmeboka.

Dette vert heilt sikkert ei flott stund i kyrkja vår, og det vert ein fin oppføljar til dei to flotte konsertane Eva Megyesi har stått for tidlegare i haust. Vi håpar publikum frå heile kommunen, og vidare med, fyller kyrkja også denne kvelden.

Tekst: Uskedal sokneråd
Foto: Randi Teigen Døssland
Nett: Thor Inge Døssland